






EID KOMMUNE		MØTEBOK			
KONTROLLUTVALET I EID KOMMUNE					
Møtestad:	Formannskapsalen	Møtedato:	13.06.2012	Frå kl. :	10:15
				Til kl. :	13:20
<b>Faste medlemmer i Kontrollutvalet :</b>					
	<b>Møtte:</b>	<b>Forfall:</b>	<b>Merknader :</b>		
Roy Andre H Bruvoll	X				
Kristen Hundeide.	X		Sak 023-027/12		
Hilde Henriksen.	X				
Siv Emdal.	X				
Ørjan Tystad	X				
<b>Personlege varamedlemmer :</b>					
	<b>Møtte:</b>				
Ida Elisabeth Lien Ohrvik					
Karin Husevåg					
Eivind Bjørke					
Terje Johnsen					
Kåre Nils Os					
<b>Ordføreren har møte og talerett i utvalet:</b>					
<b>Andre som møtte :</b>					
SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit. Kommunalsjef Elin Leikanger sak 25 - 26/12. Revisor Gunnar Ryste sak 23 - 27/12.					
<b>Saker som vart handsama / drøfta i møtet :</b>					
<b>SAKLISTA I MØTET :</b>					
Sak 023/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.					
Sak 024/12 Skriv og meldingar.					
Sak 025/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt 4319 Asfaltering.					
Sak 026/12 Prosjektrekneskap – Prosjekt 4455 Nordfjordeid skule – byggjesteg 2.					
Sak 027/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.					
Sak 028/12 Orientering – protokollar styre i Eid kommune.					
Sak 029/12 Oppfølgingsliste 3-2012 – Eid.					
Sak 030/12 Eventuelt.					
Sak 031/12 Orientering arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen.					
Sak 032/12 Fordeling av midlar til barnehagane - Undersøking.					
<b>Merknader :</b>					
<b>UNDERSKRIFTER :</b>					
 Roy Andre H Bruvoll (leiar)		 Siv Emdal		 Ørjan Tystad	
Kristen Hundeide(s)		 Hilde Henriksen		 Asgeir Tveit, sekretær	

## 023/12 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

Dato: 04.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	023/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

## 024/12 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Asgeir Tveit sekretariat  
Dato: 04.06.2012.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	024/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

### Saksvedlegg

- SM 08-12: Vedtak kst sak 033/12 Årsmelding kontrollutvalet 2011.
- SM 09-12: Vedtak kst sak 036/12 Rekneskap 2011 – Eid kommune.
- SM 10-12: Vedtak kst sak 039/12 Rekneskap Eid Fjordvarme KF 2011 – politisk handsaming.
- SM 11-12: Vedtak kst sak 043/12 Kjøp av ny brannbil – godkjenning av sluttrekneskap.
- SM 12-12: Vedtak kommunestyresak 034/12 Referatsaker.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Skriv og meldingar vert teke til vitande.

Saksutgreiing

## **SKRIV OG MELDINGAR**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

### **Saksopplysningar:**

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

## 025/12 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4319 ASFALTERING

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 04.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	025/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg:

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4319 Asfaltering.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommuneleva.
- Økonomireglement for Eid kommune.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

### KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :

1. Kontrollutvalet har ikkje merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

## **PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4319 ASFALTERING**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4319 Asfaltering. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

### **Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 1.590.480,41. Budsjettråma for prosjektet var kr. 1.590.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit meirforbruk i høve til budsjett på kr. 480,41.

Prosjektet er finansiert ved bruk av lånemidlar.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at kontrollutvalet ikkje har merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**026/12 PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4455 NORDFJORDEID SKULE  
– BYGGJESTEG 2**

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat

**Dato:** 04.06.2012

<b>Utval</b>	<b>Dato</b>	<b>Utv.- Saksnr.</b>	<b>Status</b>	<b>Vedtaks- organ</b>
Kontrollutvalet	13.06.2012	026/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

**Saksvedlegg:**

- Sluttrapport og rekneskap for investeringsprosjekt nr. 4455 Nordfjordeid skule – byggjestege 2.

**Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):**

- Kommuneleova.
- Økonomireglement for Eid kommune.

**Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:**

1. Under føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

**KONTROLLUTVALET SI FRÅSEGN TIL KOMMUNESTYRET :**

1. føresetnad av at mindreforbruket vert disponert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

Saksutgreiing

**PROSJEKTRKESKAP – PROSJEKT NR 4455 NORDFJORDEID SKULE – BYGGJESTEG 2**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

**Innleiing – Kva saka gjeld**

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for investeringsprosjekt nr. 4455 Nordfjordeid skule – Byggjesteg 2. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen. Kontrollutvalet sin uttale skal liggje ved formannskapet si innstilling til vedtak når kommunestyret gjer vedtak i saka.

**Saksopplysningar:**

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 20.348.631,83. Budsjettråma for prosjektet var kr. 21.335.000,-. Prosjektrekneskapen er såleis avslutta med eit mindreforbruk i høve til budsjett på kr. 986.368,17.

Prosjektet er finansiert med statstilskot på kr. 200.000,- og bruk av lån på kr. 20.148.631,83.

Det er kommunestyret som gjer endeleg vedtak i saka, også med omsyn til korleis mindreforbruket skal disponerast.

Revisor har attestert prosjektrekneskapen og stadfestar såleis taldelen i sluttrekneskapen.

**Sekretariatet sine vurderingar:**

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsattest og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at under føresetnad av at mindreforbruket vert omdisponert innan for regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.



## 027/12 PLAN FORVALTINGSREVISJON - EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 04.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	27.06.2012	027/12	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Ja

### Saksvedlegg

- Utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 - 2015 – Eid kommune, datert juni 2012.
- Oversikt over tilsyn, kontrollar og kommunebesøk i 2012 frå Fylkesmannen, datert 23.04.2012.
- Forslag forvaltningsrevisjonsprosjekt i overordna analyse i kommunane Gloppen og Stryn.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Kommunelova.

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Kontrollutvalssak 038/11, 19/12 og 22/12.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Eid kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
  - 1.
  - 2.
  - 3.
  - 4.
  - 5.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

### Tilråding frå kontrollutvalet til kommunestyret:

- Kommunestyret godkjenner plan for forvaltningsrevisjon for Eid kommune for perioden 2012 – 2015.
- Planen har i utgangspunktet følgjande prioritering av prosjekt:
  1. Drift og vedlikehald av bygningar.
  2. Spesialundervisning.
  3. Oppfølging av vedtak.
  4. Samhandlingsreforma – erfaringar.
  5. Kvalitetslosen.
- Kommunestyret gjev kontrollutvalet fullmakt til å leggje til nye prosjekt og/eller endre prioritering i perioden.

## PLAN FOR FORVALTINGSREVISJON 2012 - 2015- EID KOMMUNE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### Innleiing – Kva saka gjeld

Det skal leggjast fram plan for forvaltningsrevisjon for kommunestyreperioden 2012 – 2015.

### Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon i kommunen. Det skal lagast plan for forvaltningsrevisjon i kommunen for valperioden innan 31.12. året etter kommunevalet, i denne omgong altså innan 31.12.2012. Kommunestyret skal vedta planen etter innstilling frå kontrollutvalet.

Planen for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegheitsvurderingar med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på dei ulike einingane og tenestemråda.

Forvaltningsrevisjon er i forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004 definert som: *”Systematisk vurdering av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknad ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader. Under dette om:*

- a) *forvaltninga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader,*
- b) *forvaltninga sin ressursbruk og verkemiddel er effektive i høve til måla som er sett på området,*
- c) *regelverket vert etterlevd,*
- d) *styringsverktøy og verkemiddel til forvaltninga er føremålstenlege,*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organ samsvarar med offentlege utgreiingskrav,*
- f) *resultat i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller resultat for verksemda er nådd.”*

I kontrollutvalsmøte 16.04.2012 i sak 019/12 ”Overordna analyse” vart overordna analyse presentert av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Overordna analyse munna ut med forslag om følgjande aktuelle prosjekt:

- Tilpassa opplæring i grunnskulen – evaluering.
- Samhandling mellom barnehage, skule og PPT.
- Bekymringsmeldingar i barnevernet.
- Erfaringar frå samhandlingsreforma.
- Arbeidet med miljøretta helsevern i kommunen.
- Kommunen si behandling av dispensasjonssaker.
- Praktisering av intern økonomisk kontroll.
- Nordfjord hamn.

I kontrollutvalsmøte 10.05.2012 kontrollutvalsak 022/12 «Forvaltningsrevisjon – innspel om aktuelle prosjekt» var rådmannen, kommunalsjefane, leiar for driftsutvalet og ordførar til stades og gav innspel om aktuelle prosjekt for forvaltningsrevisjon. Innhald frå diskusjonen er oppsummert slik i saka:

*Ordførar:*

- *Målet med møtet er få opp idear om kva som er viktig å tak i.*
- *Vert ressursane brukt rett?*
- *Kva er vi ikkje gode nok på?*
- *Kva område har vi behov for å gå inn på?*
- 

*Rådmannen med innspel frå andre:*

- *Økonomifunksjonen er solid. Ein har god kompetanse og det har kome gode tilbakemeldingar frå andre hald. Det er ikkje eit området det ser ut til å vere behov for forvaltningsrevisjon inn mot.*
- *Styring av interkommunale selskap.*
- *Implimentering av datasystem. Pr i dag ein "laus" organisasjon. Korleis bør ein organisere både i høve til politisk styring og for å få ei god ressursutnytting.*
- *Flyktningemottak. Stort ansvar når vi tek imot flyktningar. Det er mange oppgåver innan området som skal løysast på ein god måte; ulike system, integrering, ressursbruk med meir. Kor mange er vi td i stand til å handtere på ein god måte?*
- *Vedlikehald av vegar og bygg. Vedlikehaldsetterslep er blitt eit omgrep. Alt heng etter. Det gjeld forvaltning av store verdier. Konsekvens av storleik på ressursinnsats.*
- *Rus, psykiatri og barnevern. Dette er eit vanskeleg tema i alle kommunar. Områda må sjåast i samheng med kvarandre. Kommunane handterer dette veldig ulikt. Stor skilnad td på kor mykje Eid og Stryn brukar på dette. Ein må ha gode nok system til å fange opp dei ein skal handtere. Individuell plan og heilheitleg plan for brukarar som har samansette behov. Verkar tverrfaglegheita? Samhandling også med eksterne; sjukehus og andre offentlege helsetilbod.*
- *Stryringssystem. Må lagast. Systema må også inn under huda på dei tilsette i kommunen. Dei tilsette må lærast opp i systema, slik at dei kan følgje dei system som er vedtekne. Tilsette kjenner ikkje alltid systema, og ikkje alle har fått den informasjonen, kunnskapen eller har dei føresetnadane som trengst for å forstå systema. Dette gjeld på fleire område i organisasjonen.*
- *Oppfølging av dei vedtak som er gjort. Er vedtaka reelt gjennomførte ut i organisasjonen?*
- *Gjennomgang av spesialundervisning. Får den enkelte elev det han har krav på? Fylkesmannen gjennomfører av og til tilsyn med dette. Utnyttar Eid ressursane godt nok. Gagnar det alle elevane ved skulane, slik Eid gjer det? Budsjett 107.000.000,- på skulesektoren,. Nyttar vi desse midlane godt nok?*
- *Implimentering av LOS som internkontrollsystem. Felles for alle kommunane i Nordfjord. Forvaltningsrevisjon inn mot dette bør evt. kome noko fram i tid då dette er relativt nytt og ikkje fullstendig implimentert. Kan gje læringseffekt kommunane imellom.*
- *Alle tilsette kjenner ikkje alltid til at det er lovverk ein jobbar etter. Det er viktig med opplæring og informasjon om reglar, retningslinjer, krav, mål med meir.*
- *Tilfredsstillande system for internkontroll. Er ein diskusjon hjå fylkesmannen og inn til departementet. Veldig spesifikke tilsyn som går ned i paragrafane.*

---

*Ordførar:*

- *Brukar vi ressursane godt nok og best mogeleg på dei største områda, td brukar Gloppen minst pr. hovud i Noreg.*

*Revisor:*

- *Viktig å få til eit samarbeid mellom fleire kommunar. Store prosjekt inn mot ein kommune vert vanskeleg.*
- *Samarbeid med KRYSS-revisjon kan også vere aktuelt.*

*Ein bør først velje kva prosjekt ein vil satse på, og så får ein sjå kva ressursar ein treng for å få gjennomført dei valte prosjekt.*

Overordna analyse i kommunane Stryn og Gloppen er også ferdig. Det ligg ved oversikt over kva prosjekt revisor har sett opp som forslag i desse kommunane.

Fylkesmannen sin plan for tilsyn i 2012 er også henta inn. Planen ligg ved. Planen syner at det skal vere tilsyn om «Sosiale tenester i NAV» og «Krisesentertilbod» i 2012.


På grunnlag av overordna analyse og det som kom fram i møtet 10.05.2012 skal kontrollutvalet lage ein plan for forvaltingsrevisjon som det skal tilrå for kommunestyret. Konkret blir kontrollutvalet si oppgåve å velje 4 – 6 prosjekt frå dei forslaga som ligg ovanfor, eller evt. andre prosjekt kontrollutvalet ynskjer å prioritere som skal leggjast inn i planen.

Det vert elles vist til vedlagte utkast til Plan for forvaltingsrevisjon 2012 – 2015.

# **Plan for forvaltingsrevisjon**

## **Eid kommune**

**2012 -2015**



## **Innhold:**

1. Innleiing
2. Prioritering

## INNLEIING

### 1.0 Bakgrunn

I kommunelova § 77 pkt. 4 står det at kontrollutvalet skal sjå til at det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande reglar og vedtak, og at det vert gjennomført systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader (forvaltningsrevisjon).

Forskrift om kontrollutval § 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon lyder slik:

#### **§ 10. Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon**

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegerer til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden.

Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkekommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.

### 1.1. Kontrollutvalet si rolle

Kontrollutvalet ynskjer å medvirke til fornuftig ressursbruk og god forvaltning i kommunen, og ser forvaltningsrevisjon som eit verkemiddel til å oppnå dette. Kommunestyret har det øvste ansvaret for at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon, og kan gje instruksar om kva prosjekt om forvaltningsrevisjon som skal setjast i verk. Kontrollutvalet har ei tingarrolle overfor revisor i høve til forvaltningsrevisjonen som skal utførast.

### 1.2 Tidsperspektiv

Kravet i forskrifta er at planen for gjennomføring av forvaltningsrevisjon vert utarbeidd minimum ein gong i laupet av valperioden. Kontrollutvalet ser det ikkje som naudsynt å leggje planen fram for kommunestyret oftare med mindre det oppstår situasjonar i perioden planen gjeld for som gjer at kontrollutvalet finn dette føremålstenleg. Denne planen omhandlar prioriteringar og arbeid for perioden 2012 – 2015 eller fram til det vert laga ein ny plan.

### 1.3 Overordna analyse

Kontrollutvalet vil jobbe aktivt med å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på ulike område. Dette vil kunne skje gjennom ein dialog mellom kontrollutval, administrasjon, revisor og andre. Dette vil vere ein laupande prosess. Det er utarbeidd ein overordna analyse av verksemda i kommunen ut frå risiko- og vesentlegskapsvurderingar. Analysen gjennomført av Kommunerevisjonen i Nordfjord. Analysen er hovudgrunnlaget for prioriteringane i denne planen.

Føremålet med analysen har vore å framskaffe relevant informasjon om verksemda i kommunen, slik at det i planen for forvaltningsrevisjon vert mogeleg å prioritere mellom ulike område der slike revisjonar vil vere aktuelle. Målet er å avdekke indikasjonar på avvik eller veikskap i forvaltninga sett i høve til lover, forskrifter og kommunestyret sine vedtak og føresetnader.

#### **1.4 Møte med ordførar, styreleiar drift, rådmann og kommunalsjefar**

10.05.2012 deltok ordførar, styreleiar drift, rådmannen og kommunalsjefane på kontrollutvalsmøte. På møtet kom desse med innspel om aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Innspela som kom i møtet er saman med overordna analyse grunnlag for prioritering i denne planen.

#### **1.4 Definisjon av forvaltningsrevisjon**

Forvaltningsrevisjon er i kommunelova § 77, nr. 4 definert som ”..systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.”

Innhaldet i forvaltningsrevisjonen er ytterlegare utdjupa i forskrift om revisjon § 7, første ledd:

*Forvaltningsrevisjon inneber å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak og føresetnader.*

*Under dette om*

- a) *forvaltinga brukar ressursar til å løyse oppgåver som samsvarar med kommunestyret sine vedtak og føresetnader*
- b) *ressursbruken og verkemidla til forvaltinga er effektive i høve til måla som er sett på området*
- c) *regelverket vert etterlevd*
- d) *styringsverktøya og verkemidla til forvaltinga er føremålstenlege.*
- e) *vedtaksgrunnlaget frå administrasjonen til dei politiske organa samsvarar med offentlege utgreiingskrav*
- f) *resultata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sine føresetnader og/eller om resultat for verksemda er nådd.*

Opplistinga er ikkje uttømmende.

## **PRIORITERINGAR**

### **2.1 Generelt**

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifiserte behov og dei ressursar som vert stilte til rådvelde for oppgåva. Den gjennomførte analysen er ikkje uttømmende, og vil ikkje kunne ta omsyn til alle tilhøve. Han må sjåast på som eit verktøy til å gjere ei prioritering av område/tema som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon. Konkret formulering av prosjektet må ein kome attende til når tingingsdokument skal utformast.

### **2.2 Prioriterte område for forvaltningsrevisjon i perioden**

Kontrollutvalet har med bakgrunn i overordna analyse og i det som er nemnt over vurdert følgjande område som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden:

- 1. Drift og vedlikehald av bygningar.**
- 2. Spesialundervisning.**
- 3. Oppfølging av vedtak.**
- 4. Samhandlingsreforma – erfaringar.**
- 5. Kvalitetslosen.**



Det kan tenkjast at kontrollutvalet gjennom sitt laupande arbeid vert kjent med tilhøve som etter utvalet si vurdering bør gjerast gjenstand for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvale ber kommunestyret om å få høve til eventuelt å gjere omprioriteringar av framlagde plan / setje i gong forvaltningsrevisjon der dette vert vurdert som naudsynt. Resultat av slike eventuelle forvaltningsrevisjonar vil bli rapportert til kommunestyret etter gjeldande retningsliner.

### **2.3. Rapportering av gjennomførte prosjekt**

Kontrollutvalet vil laupande rapportere til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførde. I samsvar med forskrift om kontrollutval § 11 skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva forvaltningsrevisjonar som er gjennomførde og om resultat av desse. Kontrollutvalet vil oppfylle rapporteringskravet anten ved å sende rapportane vidare til kommunestyret for handsaming, eller ved å sende dei til kommunestyret som meldingssak. Det vil også bli opplyst om gjennomførte prosjekt og prosjekt under arbeid i kontrollutvalet si årsmelding til kommunestyret. Vidare er det kontrollutvalet si oppgåve å sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med handsaming av rapportar om forvaltningsrevisjon vert følgde opp.

## 028/12 ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	028/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	-
Kommunestyret	-	-	-	-

### Saksvedlegg

#### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova § 77.
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

#### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til vitande.

#### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Orientering om dei ulike vedtaka i politiske utval i Eid kommune vert teke til vitande.
- Kontrollutvalet ber om at saker og vedtak i sakene vert sendt medlemene i kontrollutvalet pr post.

Saksutgreiing

## **ORIENTERING – PROTOKOLLAR UTVAL/STYRE I EID KOMMUNE**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Medlemmane i kontrollutvalet orienterer om vedtaka i ulike politiske utval/styre i Eid kommune på grunnlag av protokollane frå aktuelle møte.

### **Saksopplysningar:**

Siv Emdal orienterer frå protokollar for møte i driftsutvalet.

Hilde Henriksen orienterer frå protokollar for møte i utval for samfunnsutvikling.

Kristen Hundeide orienterer frå protokollar for møte i formannskapet.

Protokollar vert fortløypande sendt frå Eid kommune til dei respektive medlemene nemnt ovanfor.

### **Sekretariatet sine vurderingar:**

Kontrollutvalet bør på grunnlag av informasjonen vurdere om det er vedtak dei bør følgje opp.

## 029/12 OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 - EID

**Sakshandsamar:** Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
**Dato:** 05.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval Formannskap Kommunestyre	13.06.2012	029/12 - -	- - -	Ja

### Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 3-2012 Eid.

### Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

### Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 3-2012 – Eid vert teken til vitande.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

- Kontrollutvalet set opp sak om å kalle inn rådmannen for å orientere om arbeidet med plan for innkjøpsfunksjonen.
- Oppfølgingsliste 3-2012 vert elles teken til vitande.

Saksutgreiing

### **OPPFØLGINGSLISTE 3-2012 - EID**

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Asgeir Tveit

#### **Innleiing – Kva saka gjeld**

Saksoppfølging.

#### **Saksopplysningar:**

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 30. mars 2012.

Lista vil bli oppdatert utan opphald og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

#### **Sekretariatet sine vurderingar:**

### Oppfølgingsliste 3-2012 - Eid.

#### Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Eid kommune

Saker som er avslutta vil ikkje come med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
15/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	23.11.10		23.11.10: Vedtak KU 26.11.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i aug/sep.
25/11 Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune.	09.06.11		Tilråding frå KU til kst: - Kommunestyret visert til brev frå rådmannen til kontrollutvalet om Oppfølging kommunestyrevedtak – Rapport ”Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune”, datert 30.05.2011. - Kommunestyret registrerer at det er sett i verk tiltak for å sikre at tilsette har kunnskap og tilstrekkeleg informasjon om kommunen sine innkjøpsavtalar. - Kommunestyret registrerer at administrasjonen har teke initiativ til å få på plass eit innkjøpssamarbeid med dei andre Nordfjordkommunane, og at det er konkrete tiltak på gong. - Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015.  09.06.11: Levert kommunen i etterkant av møtet. 09.06.11 s. e-post med stadfesting om overlevering av dokumenta. 23.06.11. Vedtak kst. sak 054/11.i samsvar med tilrådinga frå KU.
37/11 Forvaltningsrevrapport ”Optimal bruk av tilskotsordningar” – Eid	22.11.11		22.11.11 Vedtak kontrollutvalet – s kst til orientering 23.11.11 s/kst. 30.03.12 Korrigert vedtak på oppfølgingsliste
002/12 Effektivering av kommunestyrevedtak 058/11 Sal av kommunale eigedomar v/rådmannen.	08.02.12		08.02.12: Vedtak KU – Teke til vitande.
003/12 Beredskapsplan ekstremver og liknande – Orientering v/rådmannen.	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU: - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - Kontrollutvalet vil følge opp at kommunen set i verk dei tiltaka som vart skissert under orientering. - Kontrollutvalet vil kalle inn rådmannen for å få status i arbeidet på slutten av året.

004/12: Skriv og meldingar	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
005/12 Årsmelding 20152 frå kontrollutvalet	08.02.12		08.02.12: Tilråding til kst. 14.02.12 s. kst. 15.03.12 s. kst på nytt. 26.03.12 s. kst på nytt 29.03.12 Vedtak kst sak 033/12.
008/12 Oppfølgingsliste 1-2012- Eid	08.02.12		08.02.12 Vedtak KU. - Sak om oppfølging av innkjøpsfunksjonen, jfr sak 25/11 vert ført opp igjen på oppfølgingslista. 30.03.12 – Ført opp igjen på lista.
012/12 Godkjenning av innkalling og sakliste.	16.04.12		16.04.12 Vedtak KU – Ikkje merknader
013/12 skriv og meldingar	16.04.12		16.04.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
014/12 Årsrekneskapen 2012 Eid kommune.	16.04.12		16.04.12 Fråsegn til kommunestyret. 18.04.12 s. kst. 26.04.12 Vedtak kst sak 036/12.
015/12 Årsrekneskapen 2012 Eid Fjordvarme KF.	16.04.12		16.04.12 Fråsegn til kommunestyret. 18.04.12 s. kst. 26.04.12 Vedtak kst sak 039/12
016/12 Prosjektrekneskap – prosjektnr 4001 Kjøp av ny brannbil.	16.04.12		16.04.12 Fråsegn til kommunestyret. 18.04.12 s. kst 26.04.12 Vedtak kst sak 043/12.
017/12 Eigenvurdering av oppdragsansvarleg revisor sin ubundenskap.	16.04.12		16.04.12 Vedtak KU 18.04.12 s. kst. Til orientering. 26.04.12 Vedtak kst sak 034/12.
018/12 Orientering protokollar utval/styre i eid kommune	16.04.12		16.04.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
019/Overordna analyse Eid kommune.	16.04.12		16.04.12 Vedtak KU - Det vert vist til dokumentet Overordna analyse for Eid kommune, datert 3. april 2012 og presentasjon av Overordna analyse av kommunerevisjonen i Nordfjord i møtet. - Overordnaanalyse vert å nytte som grunnlag for å prioritere prosjekt i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2016. - Plan for forvaltningsrevisjon vert lagt fram som sak i neste møte i kontrollutvalet.
020/12 Oppfølgingsliste 2-2012 – Eid.			16.04.12 Vedtak KU – Teke til vitande.
021/12 Eventuelt	16.04.12		16.04.12 Vedtak KU – Møtet 7. juni flytta til 11. juni. 10.05.12 Møtet 11. juni flytta til 13. juni.
022/12 Forvaltningsrevisjon – Innspel om aktuelle prosjekt	10.05.12		10.05.12 Vedtak KU: Kontrollutvalet tek innspel komne fram i møtet med seg i den vidare vurderinga av kva tilråding dei skal leggje fram for kst i plan for forvaltningsrevisjon.

Oppdatert 05.06.2012.

## 030/12 EVENTUELT

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 05.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saknr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	030/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet tek opp sak om å følgje opp kommunestyret sitt vedtak i sak 040/12 Fastsetjing av barnehagesatsar for 2012 i private barnehagar.

### Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.



## 031/12 ORIENTERING ARBEIDET MED PLAN FOR INNKJØPSFUNKSJONEN

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 13.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	030/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

---

Saka vart teken opp i møtet.

Kommunestyret gjorde i sak 054/11 «Oppfølging kommunestyrevedtak forvaltningsrevisjonsrapport – Innkjøpsfunksjonen i Eid kommune» 23.06.2011 bl.a. følgjande vedtak: *Kommunestyret ber administrasjonen lage eit plandokument for innkjøp i samband med arbeidet med planstrategi for valperioden 2011 – 2015».*

Kontrollutvalet ynskjer orientering om status i arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøpsfunksjonen.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet ber rådmannen om skriftleg status innan neste møte i kontrollutvalet på korleis ein ligg an med arbeidet med å lage eit plandokument for innkjøp.

## 032/12 FORDELING AV MIDLAR TIL BARNEHAGANE - UNDERSØKING

Sakshandsamar: Asgeir Tveit. SEKOM- sekretariat  
Dato: 13.06.2012

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	13.06.2012	030/12	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

### Ikkje vedlagt dokument:

- Kommunestyrevedtak 040/12 Fastsetjing av tilskotssatsar til private barnehagar.

---

Saka vart teken opp i møtet.

I kommunestyresak 040/12 har kommunestyret mellom anna gjort følgjande vedtak:  
Kommunestyret ber om at kontrollutvalet vurderer Eid kommune sin praksis når det gjeld fordeling av midlar til barnehagane i Eid kommune.

### KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

- Kontrollutvalet tingar følgjande undersøking frå Kommunerevisjonen i Nordfjord:  
Kontrollutvalet ber om at det vert undersøkt om Eid kommune sine rutinar for fastsetjing og fordeling av midlar til barnehagane i Eid kommune er i samsvar med reglane i Barnehagelova og retningsliner for slik fordeling.